

Den unge, musikalske jenta frå Molde ville teste dei melankolske tonane sine på eit anna publikum enn soveromsveggen. Det vart ein suksess. No er ho ein av dei nye stjernene på den norske artisthimmelen med topplasseringar på VG-lista. Møt den eigenrådige, særeigne og sjarmerande romsdalingen Ane Brun.

Fann meininga i *musikken*

[GEIR ARNE SOLHEIM]

Det er nok berre eit tidsspørsmål før namnet Ane Brun er festa til alle hjernebarkar. Dersom du har høyrte på radio dei siste månadene, kjenner du sikkert låta "My Lover Will Go" frå suksessplata "A Temporary Dive". Ane er på full fart fram i lyset som kjendis, og ein kan ikkje seie anna enn at ho har seg sjølv å takke for det. I sommar kjem ho mellom anna "heim" for å spele på Moldejazz.

Som ein draum

Det siste året har vore veldig framgangsrikt og inspirerande for Ane Brun.

– Hausten 2004 gjekk mest med til å gjere ferdig plata "A Temporary Dive", men eg hadde òg ein del konsertar. Sidan nyttår har eg reist mykje rundt omkring og marknadsført plata, og eg har vore på turné i Europa. Karrieren har fått ein tydeleg oppsving, særskilt i Noreg. Det vart ein ganske brå overgang frå å nesten ikkje selje noko i Sverige til å selje gull i Noreg, smiler Ane, som no har det som plomma i egget.

– Er det dette du alltid har drøymt om?

– Det spørsmålet krev eit langt svar, men eg skal freiste gjere det relativt kort. Eg trur eg i heile byrjinga av tjuetåra leitte etter kva eg skulle bruke livet til. Eg flytte frå Molde rett etter gymnaset og reiste til Barcelona. Hamna deretter først i Oslo og

så i Bergen. Etter litt fram og tilbake hamna eg i Sverige i år 2000. Først Uppsala og så Stockholm der eg no held til. Desse åra har eg studert på universitetet, med fag som spansk mellomfag, juss grunnfag, musikkvitenskap, musikkimprovisasjon og kulturvitenskap. Har også jobba ein del i restaurantbransjen og i platebutikk. Om ein ser på mitt forvirra, akademiske liv og all flyttinga, forstår ein kanskje at eg måtte gjere meg opp ei meining om livet mitt. Parallelt med dette oppdaga og utforska eg meir og meir min nye lidenskap – å spele og skape musikk. Eg merka også at det faktisk var andre enn soveromsveggen som ville høyre det eg laga, og satsa etterkvart alt på musikkkarrieren. Så det er i alle høve ein draum som går i oppfylling, sjølv om den ikkje alltid har vore der, fortel Ane.

Seint, men godt

Ane byrja seint med å gjere noko seriøst ut av musikken. Ho spelte litt piano og song mykje i tenåra. Favorittinstrumentet gitaren fekk ho derimot ikkje før ho hadde passert 20 år. Men det skulle vise seg at ho vart spesielt glad i nettopp det instrumentet.

– Eg likar like godt å spele gitar som å syngje. Songen er kanskje litt meir direkte kopla til noko langt inne i meg, medan gitaren er som eit verkty for å få dette fram. Sidan gitaren er så viktig, vert

det til at eg ofte kuttar både trommer og bass. Alle elementa ligg inne i gitar-spelet, og då skal ikkje dei andre instrumenta ta dette frå gitarstrengane.

Ane meiner at suksessen ikkje har gått til hovudet på henne, men at han har gjort ting mykje lettare i kvardagen.

– Det kjem mange folk på konsertane, og det gir meir pengar i kassa. Det gjer at eg kan ta med meg fleire medhjelparar på turné. Plata sel bra, og det gir dei same positive etterverknadene. Eg har til dømes råd til å lage ein fin musikkvideo, og eg kan kjøpe betre musikkutstyr. Og så er det positivt at eg ikkje lenger treng å reise med billegbillett på flyet som går halv sju om morgonen, sove på et slite pensjonat eller ta t-bana heim med tre gitarar og tre vesker. Konklusjonen er vel at det er vorte ein skikkeleg jobb av dette, der firmaet mitt betalar utgiftene. Reint kunstnarisk er det fantastisk å få ei slik stadfesting på at det eg gjer, spelar ei rolle for folk. Eg får mange tilbakemeldingar, og i 99 % av tilfella er dei positive, smiler Ane.

Moldejazz som samlingsplass

Å spele på Moldejazz er gøy for Moldejenta Ane Brun, som skifta namn frå Brunvoll av praktiske årsaker.

– Eg trur dei fleste frå Molde-området er ganske stolte over denne festivalen. I allfall er eg det. For meg personleg har det vore utruleg å ha sjansen til å spasere ned til byen kvart år og sjå dei største jazzstjernene på rådhusplassen. Ein av dei første konsertane eg hugsar, er Herbie Hancock på Idrettens Hus ein gong på 80- talet. Når det er Moldejazz, kjem jo nesten alle utflytta moldensarar heim, så det er som ein stor "reunion" kvart år. Festivalen er nok ei direkte inspirasjonskjelde for mange av musikarane som kjem herifrå. Eg håpar festivalen også i framtida kjem til å løfte fram lokale musikarar og talent, gamle som unge. Spesielt dei som faktisk lever og jobbar med musikk i området. Det er dei som held musikkmiljøet levande resten av året, seier Ane.

Ane Brun gjev ut musikken sin på sitt eige selskap. Moderne teknologi og nokre endringar i musikkbransjen gjer det enklare for dyktige musikarar å gjere karriere utanfor dei store plateselskapa.

– Eg har vore redd for å verte bunden av ein kontrakt og har heller ikkje hatt lyst til at nokon andre skulle bestemme kva eg skal gjere eller ikkje gjere. Artistar er no meir medvitne på at plateselskapa ikkje kan gjere kva dei vil med oss, og at det er viktig å få utløp for kreativ energi når

ein sjølv føler for det. Det finst to typar plateselskap – dei som tenkjer berre kommersielt og dei som tenkjer meir langsiktig. Dei artistane som ikkje har eit stort marknadsføringsbudsjett lyt i staden spele seg inn i hjarta på publikum, meiner Ane.

Og det er nettopp det Molde-jenta har gjort – å verte ein hjartekjær artist for stadig fleire. Ikkje berre i Noreg, men også i fleire europeiske land.

- I Sverige og andre land har eg fått ei slags trufast publikumskare som veks seg sakte, men sikkert større og større. Det merkar eg på utselde konsertar og godt platesal. Mitt favorittland utanom Skandinavia er så langt Holland. Der har eg hatt fantastiske konsertar med fleire hundre i publikum og fantastisk stemning. No står Storbritannia og Frankrike for tur. Plata vert lansert der i løpet av sommaren, og det skal verte spanande å sjå korleis det går, seier Ane.

Lukka skal nytast!

Om du lurar på kva låtar som skildrar Ane Brun best som artist, skal du lytte til "Wooden Body" og "To Let Myself Go". Elles skildrar Ane seg sjølv som glad, sosial og nyfiken. Det melankolske er meir ei musikalsk uttrykksform enn ei skildring av jenta Ane Brun.

– Smerte og motgang har vore ein veldig liten del av livet mitt, men det er gjennom musikken eg bearbeider denne vesle delen av meg. Lukka treng ein sjeldan bearbeide, sant? Lukka skal jo berre nytast!

Og vil du oppleve Ane Brun i fullkomen lukke, er det berre å møte opp på ein av konsertane hennar. Alternativet er å sjå etter romsdalsjenta på ferja ut til Sandøya og Harøya. Det er ein tur ho likar å ta om sommaren.

– Turen tek såpass lang tid at ein kan setje seg ned og sjå på den utrulege utsikta, drikke kaffi og slappe av. På vinteren kan turen òg vere fantastisk, men på ein litt annan måte. Som ei skikkelig berg- og dalbane av og til, smiler Ane.